



Saksbehandlar: Endre Høgalmen, Næringsavdelinga
Sak nr.: 16/570-1

Hydrogen-satsing

... Sett inn innstillingen under denne linja ↓

Fylkesdirektøren for næring rår hovudutval for næring og kultur til å gjere slike vedtak:

Hovudutvalet tek orienteringa til vitande. Det vert arbeidd vidare med å få realisert eit prosjekt som skal stimulere til auka bruk av hydrogen-løysingar, og til produksjon og effektiv distribusjon av hydrogen.

... Sett inn innstillingen over denne linja ↑

... Sett inn saksutredningen under denne linja ↓

Vedlegg:

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

Det er venta at etterspurnaden etter hydrogen vil auke, ikkje minst fordi hydrogen vil redusere behovet for fossil energi. Hydrogen kan m.a. nyttast som drivstoff til brenselceller, som produserer elektrisitet ved å omdanne hydrogen og oksygen til vatn i ein elektrokjemisk prosess. Hydrogen kan også nyttast som drivstoff i forbrenningsmotorar. Hydrogen har følgjeleg eit stort potensiale innan m.a. land- og sjøtransport.

Produksjon av hydrogen kan m.a. skje i ein elektrolyseprosess der ein spaltar vatn ved hjelp av elektrisitet. Så produksjon av hydrogen er også interessant å vurdere, då vi har både vatn og elektrisitet.

Vinsten med hydrogensatsinga ligg i klimaverknaden. Og for vår del er dette også eit høve til å legge til rette for næringsverksemde og arbeidsplassar.

Tanken med denne saka er å orientere hovudutvalet om planane innan hydrogen-satsinga, og å få hovudutvalet sitt samtykke til å arbeide vidare.

2. Saksopplysningar

Det er gjennomført ei kartlegging og mulighetsanalyse der vi har sett på ulike bruksområde for hydrogen, t.d. til ferjer, snøggbåtar, industri og bygg. Det vert her slege fast at infrastrukturen er lite utbygd og at heimemarknaden er liten med tanke på kommersiell utnytting av hydrogenteknologi. Lønsemd er følgjeleg avhengig av auka bruk både heime og ute, og gode løysingar på transport og distribusjon av hydrogen.

Styresmaktene har gjennom statsbudsjettet for 2016 målbore ei satsing på framtidige ferjeløysingar som medfører lite eller inkje utslepp.

Med bakgrunn ovannemnde ønskjer vi å intensivere innsatsen innan hydrogen, og det vert arbeidt med ei satsing som m.a. kan innebere:

- Produksjon av hydrogen
 - o M.a. basert på «lokale råvarer» som straum og vatn
- Hydrogenstasjonar
 - o Det kan byggast opp eit nettverk av hydrogenstasjonar
- Transportmiddel som nyttar hydrogen
 - o Stimulere til hydrogendrivne løysingar
- Hydrogendrivne brenselceller til andre føremål
 - o Døme er staumforsyning til oppdrettsanlegg og naudstraum til bygg/anlegg

Vi ser føre oss ein styrka innsats i form av eit prosjekt som går over 2 år, og det vert no utforma ein plan for dette. Det bør etter kvart tilsetjast ein prosjektleiar i halv stilling. Det vert også etablert eit samarbeid med dei andre fylka på Vestlandet.

Den styrka innsatsen er tenkt delfinansiert med avsette midlar til klima og miljø. Vi ser også på finansiering med næringsmidlar. Og vi er i dialog med Sparebankstiftinga om ei delfinansiering derifrå. Ei realisering av prosjektet føreset at det ordnar seg med ei god ekstern finansiering, og at den endelege finansieringa frå fylkeskommunen fell på plass.

3. Vurderingar og konsekvensar

Så langt tykkjест ei hydrogen-satsing å vere interessant både i nærings- og klimasamanheng. Arbeidet med hydrogen ha så langt fått god mottaking i næringslivet, og mange har forventningar til ei satsing også framover. På fagleg hald ser vi at det kan vere delte meiningar om kor store moglegheiter vi har innan hydrogen. Men det vi no gjer er å kome i gang og etter kvart få erfaringar gjennom det nemnde hydrogen-prosjektet.

Føreset att finansieringa går i orden tenkjer vi å setje i gang eit hydrogen-prosjekt. Vi tenkjer å tilsetje ein prosjektleiar i halv stilling for om lag 2 år. Det vert no arbeidt vidare med finansieringa, både den eksterne og den fylkeskommunale. Vi tek sikte på å legge ein prosjektplan fram for hovudutvalet på eit seinare tidspunkt.

4. Konklusjon

Fylkesdirektøren ber om klarsignal for å arbeide vidare med å få realisert eit prosjekt som skal stimulere til auka bruk av hydrogen-løysingar, og til produksjon og effektiv distribusjon av hydrogen.

[... Sett inn saksutredningen over denne linja ↑](#)